



ÅL KOMMUNE

Revidert oktober 2019

# INFORMASJON OM HJELPETENESTER

I dette heftet er det samla informasjon om  
hjelpetjenester som samarbeider med  
barnehage og skule.





## PPT FOR ÅL OG HOL

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er ei interkommunal teneste for kommunane Ål og Hol.

PPT skal mellom anna gi barnehagar og skular råd og rettleiing om å leggje til rette for barn/elevar som treng det. Vi skal hjelpe skular i å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov.

Informasjon om PPT på fleire språk:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/spesialpedagogisk-hjelp---til-deg-som-er-forelder/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/spesialundervisning---til-deg-som-er-forelder/>

### Korleis kan du som forelder kontakte PPT:

Før du tek kontakt med PPT, bør du prate med skulen/barnehagen/helsestasjon om di uro for barnet ditt. PPT har primærkontaktar som har faste møter med skular og barnehagar. Primærkontakten kan saman med skulen/barnehagen gje deg råd i høve til ditt barn.

Dersom det er behov for meir bistand frå PPT, kan barnet/eleven tilvisast til PPT. Tilvising på eige tilvisingsskjema, som alle skular og barnehagar har. Kontakt barnehagen eller skulen for hjelp med utfylling av skjemaet. Barnehagen/skulen utformer ein pedagogisk rapport som blir sendt saman med tilvisinga. Tilvisinga skal gjerast i samarbeid med barnhagen/skulen og foreldre, og skal underteiknast av foreldre og rektor.

### Kven kan kontakte PPT:

- Foreldre kan tilvise eigne barn på eige initiativ.
- Elevar over 15 år kan ta kontakt med PPT på eige initiativ.
- Barnehage og skule.

### Kontaktinformasjon:

Telefon: 320 85 280

Besøksadresse: Familiens Hus, Sundrevegen 95, 3570 Ål

Postadresse: Torget 1, 3570 Ål

Internett: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)



## HELSESTASJONEN

Helsestasjonen er organisert under oppvekstsektoren. Leiar for helsestasjonen er helsesøster. Helsestasjon og skulehelsetenesta er eit tilbod til alle barn og unge i kommunen.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal ivareta heilskapen i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet:

- Fremje psykisk og fysisk helse.
- Fremje gode sosiale og miljømessige tilhøve.
- Førebygge sjukdom og skade.

Helsestasjonen har desse tenestane:

- Svangerskapsomsorg
- Helsestasjon til spe- og småbarn 0-5 år
- Skulehelsetenesta
- Helsestasjon for ungdom
- Helseteneste til bebuarar på asylmottaket
- Smittevern

Tenestane er lovfesta som eit viktig tiltak i kommunen for å bidra til at barn og ungdom frå 0-20 år har et godt oppvekstmiljø.

### **Skulehelsetenesta:**

Helsesøster, lege og fysioterapeut utgjer basisteamet i skulehelsetenesta. Helsesøster er leiar i teamet.

Helsesøster og lege har kontakt med barnet på førskulekonsultasjon som skjer på våren før skulestart. Denne konsultasjon er på helsestasjon og inneheld somatisk undersøking og samtale med lege og helsesøster. Skulehelsetenesta har faste møtepunkt med eleven gjennom heile grunnskulen frå skulestart til og med 10. trinn.

### **Kven kan kontakte helsesøster:**

- Elev
- Føresette
- Barnehage og skule

Helsesøster er å treffe på skulane kvar veke /annakvar veke.

Programmet for skulehelsetenesta:

- sjå nettsidene til den einskilde skule / helsestasjonen.

### **Kontaktinformasjon:**

Telefon: 320 85 290

Besøksadresse: Familiens Hus, Sundrevegen 95-97.

Postadresse: Torget 1, 3570 Ål

Internett: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

## HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE



Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lev under tilhøve som kan skade utviklinga og helsa til barnet, får nødvendig hjelp og omsorg og vern til rett tid.

Barneverntenesta har fokus på førebyggjande tiltak for einskildbarn, deira familiar og nettverk. Barnevernet har, i samarbeid med andre instansar, ansvar for å ivareta barn og unge som for kortare eller lengre tid treng å bu hos andre enn sine biologiske foreldre.

I alle saker jobbar barneverntenesta etter fire overordna prinsipp:

- Omsynet til barns beste
- Det biologiske prinsipp
- Rett hjelp til rett tid
- Minste inngreps prinsipp

Tenesta er organisert i fire team, for å kunne handsame sakene best mogleg:

1. Mottak- og undersøkingsteam
  - Informasjon, førebygging og mottak av nye meldingar.
2. Tiltaksteam
  - Frivillige hjelpetiltak.
3. Omsorgsteam
  - Oppfølging av plasserte barn i fosterheimar og institusjonar.
4. Familieteam
  - Arbeider terapeutisk med rettleiing i familiar som tek imot hjelpetiltak.

Barneverntenesta er ein del av tverrfagleg team for barnehagar og skular i Ål kommune.

### **Kven kan kontakte barneverntenesta:**

- Foreldre kan sjølv søkje om tiltak frå barnevernet.
- Barn/ungdom kan sjølv ta kontakt med barnevernet.
- Andre offentlege instansar har meldeplikt viss dei er bekymra for eit barn.
- Privatpersonar som er bekymra for eit barn kan melde frå om dette.

**For meir info.: Sjå presentasjonsfilmen om Hallingdal barnevernteneste på Ål kommune si heimeside.**

#### **Kontaktinformasjon:**

Telefon: 320 85 310 (kl. 9.00 – 15.00)

Besøksadresse: Familiens Hus, Sundrevegen 95-97, 3570 Ål

Postadresse: Torget 1, 3570 Ål

E-post: [barnevern@aal.kommune.no](mailto:barnevern@aal.kommune.no)

Internett: [www.barnevernet.no](http://www.barnevernet.no) / [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

## PSYKISK HELSE

Psykisk helse har kvalifisert personell som er lett tilgjengeleg utan tilvising. Deira fordel er at dei er tilgjengeleg på kort varsel, kan gi «førstehjelp», og vil alltid søkje å løyse utfordringa der den har oppstått saman med andre.

Avdelinga er representert i alle tverrfaglege møte i skular og barnehagar og samarbeider med foreldre og andre hjelpeinstansar. Dei tilpassar tiltaket og nyttar t.d. leik, gruppesamtaler og nettverksmøte, alltid på premissane til barnet.

### Kven kan kontakte psykisk helse:

Elevar, foreldre, tilsette i skule og barnehage kan ta direkte kontakt med avdelinga når det er bekymringar knytt til einskild elevar, klasse miljø, mobbing, samhandling med foreldre m.m.

#### Kontaktinformasjon:

- Telefon: 32085336
- Maj-Britt Svartveit mob: 97425320 (avd.leiar) e-post: [mbs@aal.kommune.no](mailto:mbs@aal.kommune.no)
- Anne Kjersti Frøyen mob.: 90133806
- Ingeborg Frydenlund mob.: 90865602

Besøksadresse: Helsetunvegen 3 (gamle helsestasjonen)

Postadresse: Torget 1, 3570 Ål

Internett: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

## KOORDINERANDE EINING (KE)

Koordinerande eining skal bidra til at personar med behov for samansette og langvarige tenester får eit heilskapleg, koordinert og planlagt tilbod. Tenesta er organisert innanfor helse og sosial sektoren og oppvekstsektoren, og samarbeider med alle hjelpetenestane.

Personar med samansette og langvarige tenester, deira pårørande, samt tenesteytarar kan ta kontakt med KE.

#### Kontaktinformasjon:

Telefon

- Kristina (Tina) Johansson mob.: 91527590
- Anne berit Gudbrandsgard mob.: 99799034

Besøksadresse: avd. Ergo- og fysioterapi

Postadresse: Ål kommune v/ Koordinerande eining, Helsetunvegen 17, 3570 Ål

Internett: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

Trefftid: kl. 09.00 – 15.00, onsdag og torsdag

## FAMILIEVERNKONTORET RINGERIKE - HALLINGDAL



Familievernkontoret Ringerike – Hallingdal hører inn under Stiftelsen Kirkens Familievern, som er ein eigen stiftelse som har driftsavtale med Staten; Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Dei har ikkje eit formalisert samarbeid med barnehage og skule i Ål, men er hjelpeinstans for familiar.

Familievernet er ei spesialteneste som har familierelaterte problem som sitt fagfelt. Tenesta gir tilbod om samtaler og rettleiing der det er vanskar, konflikthar eller kriser i familien.

### **Kven kan kontakte familievernkontoret:**

Familiar, par, einskildpersonar, barn, unge og eldre som ynskjer å ha samtale. Samtalane kan ha fokus på betre kommunikasjon, konfliktløysing, generasjonsmotsetningar, sorg og tap, seksualitet, foreldrerettleiing, sinnemeistring, samværsavtalar, foreldremekling m.m.

Familiar, par og einskildpersonar kan ta kontakt direkte til kontoret.

### **Kontaktinformasjon:**

Telefon: 32 12 33 44

For døve og tunghørde: Send SMS til tlf. 414 88 126

Besøksadresse: Torget 5, Ål sentrum

Postadresse: Postboks 119, 3571 Ål

E-post: [familievernkontoret.ringerike.hallingdal@bufetat.no](mailto:familievernkontoret.ringerike.hallingdal@bufetat.no)

(tek ikkje mot bestilling av time via e-post)

Internett: [www.familievern.no](http://www.familievern.no) og [www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

Opningstider:

Måndag – fredag kl. 08.30 – 15.00 (13.30)



## UNGDOMSKONSULENT

Ungdomskonsulenten er organisert under oppvekst, og er tilgjengeleg der ungdom er. Målet er heilskapleg og målretta satsing for å nå ungdom 13-18 (23) år i risiko.

Ungdomskonsulenten er representert i tverrfagleg møte på ungdomsskulen og samarbeider med foreldre og andre hjelpeinstansar.

Ungdomskonsulenten kan tilby støttesamtaler, ulike gruppetilbod, jobbe med relasjonsbygging, motivasjonsarbeid og styrke foreldresamarbeid.

Målsetting er mellom anna:

- Førebygge rusproblematikk og potensielle utfordringar i den psykiske helsa.
- Fange opp elevar som har manglande omsorg, støtte og oppfølging frå føresette.
- Førebygge og fange opp elevar som manglar nettverk, opplever mobbing og sosial isolasjon.

**Kven kan ta kontakt med ungdomskonsulenten:**

- Elevar
- Føresette
- Tilsette i skulen
- Samarbeidsinstansar

Ungdomskonsulenten er å treffe på ungdomsskulen kvar måndag frå kl.09.00-15.00, kvar tysdag frå kl.09.00-15.00, kvar torsdag frå kl. 09.00 – 12.00 og elles på oppvekstkontoret.

### Kontaktinformasjon:

- Anne Berit Gudbrandsgard tlf. 99799034
- e-post: [abg@aal.kommune.no](mailto:abg@aal.kommune.no)

Besøksadresse: Ål ungdomsskule, Sundrevegen 42, 3570 Ål eller  
Tingstugu, Torget 1, 3570 Ål





